

# **Merknadar til detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen**

## **PlanID 20230001**

Nordrepollen 20/2-26

### **Landbruksavkøyringa frå fv 49, ca 200 meter frå tunnelmunninga på høgre side, ca 50 meter før fyrste brua i Nordrepollen**

Avkøyringa har etter at Jondalstunnelen opna vore eit stort problem pga begrensa siktlinje og bilane kjem i stor fart, mange skal nok med ferja. Når me kjem med traktor og lass, har me opplevt fleire nestenulykker. Sjølvom det er dobbel sperrelinje i vegen og fartsgrense på 70 km/t. Dette vert ikkje respektert. (Mange tåler ikkje å koma bak ein traktor.) Både når me skal kryssa fylkesvegen for å koma inn til bygda og når me må kryssa vegen for å koma til landbruksteigane på Bråtet, har me opplevt at bilane susar forbi og me blir forbi køyrt akkurat idet me skal til å køyra over vegen. Sjølv med dobbel sperrelinje.

Jaga beitedyr på denne vegstrekninga er etterkvart blitt heilt utenkeleg.

Med den nye tunnelen blir det kort avstand frå tunnelmunninga og til avkøyrsla til Bråtet. Det er også svak kurve på vegen, siktlinje vert difor svært kort. Det vert nok etterkvart ein stor trafikkauke på denne strekninga, så dette blir eit stort problem.

Sidan det er så kort avstand frå avkøyrsla til brua, er det ikkje plass til å laga verken akselerasjons- eller avkøyringsfelt.

Når det no skal byggjast ny bru over Øyreselva til steindeponiet som vart brukt til fv 107 Jondalstunnelen, kjem me med forslag til løysing. Laga ny tilkomstveg til landbruksteigane Bråtet på sørsida av elvane forbi steindeponiet og ned på sørsida av elva. Det er snakk om kort avstand frå steindeponiet, og massane er lett tilgjengelege i anleggsfasen. Dette vert på sørsida av deponiet der det er tenkt å fylla på meir steinmassar. Dette krev sjølvsagt at den nye brua over Øyreselva blir verande for ettertida.

Sjå vedlagd kartskisse.

Med denne løysinga slepp me køyra på fylkesvegen med traktor og det vert ein betydeleg tryggare og meir framtidsretta veg for alle trafikantar.

**Når det gjeld eksisterande fylkesveg mellom Pollane,** ynskjer me sterkt å behalda den som den er, istadenfor å bruka mange millionar på tilbakeføring av denne.

- Nytta den som tilkomstveg om det skulle oppstå ein akuttsituasjon i den nye tunnelen.
- Nytta den for å koma til vedteigar langs vegen.
- Brukast til sykkel/tur veg på fine dagar.
- Elles går straumkablane langs denne traseen, det kan vera greitt å ha tilkomst til desse.

Føreslår å stenga den med bom i begge endar, så kan utrykningskjøretøy, grunneigarane og dei som treng det få tilgang.

Beste helsing

Knut Øyre	(Eigar av gnr 55/1)
Borghild Vaarvik Øyre	(Eigar av gnr 55/3)
Bård O Øyre	(Eigar av gnr 55/2, paktar bruk 1 og 3)